



TELEMARK FYLKESKOMMUNE
Administrasjonen

Kviteseid kommune

3850 KVITSEID

KVITSEID KOMMUNE	
Reg.nr.	10/1267
11 JAN. 2011	
Ark.kode:	
Saksnr.	44AB
Kategori:	

Ref. 2010/1267-4

Vår ref. 10/5363-2
140 /LTOR

Dato 16.12.2010

SVAR - HØRINGSBREV - SAMFUNNSDELEN TIL KOMMUNEPLANEN - PLANPROGRAM

Vi syner til oversending av forslag til planprogram til samfunnsdelen av kommuneplanen til Kviteseid kommune, dagsett 02.12.2010. Telemark fylkeskommune svarar med dette samla.

Forholdet til plan- og bygningslova

I ny planlov går det fram at kommunane skal setje i gang med utarbeiding av *kommunal planstrategi* etter valet. Strategien skal bli eit utgangspunkt for utarbeiding av kommuneplanen. Kviteseid bør av den grunn sjå nærare på dei krav som plan- og bygningslova sett (§ 10-1) til ein slik strategi og holde dette saman med dei omsyn loven trekk fram som særskild viktige (§§ 1-1, 3-1). Dersom kommunen allereie no tek slike omsyn kan det sparast mykje arbeid med den kommunale planstrategien og neste rullering av kommuneplanen.

Vi vil minne om at det til kommuneplanen sin samfunnsdel skal knytast eit handlingsprogram. Dette programmet skal rullerast årleg, jf pbl § 11-2 tredje ledd. Ved å knyte handlingsdelen direkte til samfunnsdelen syner det at handlingsprogrammet ikkje er ei sjølvstendig planoppgåve, men ein konkretisering av korleis samfunnsdelen skal følgjast opp. I eit slikt perspektiv kan det være hensiktsmessig å integrera arbeidet med kommuneplanens handlingsdel og økonomiplanen.

Innspel til forslag til planprogram

Planprogrammets opplisting over konsekvensar som bør greiast ut i samband med planarbeidet synes å vere gjennomarbeida og vil være eit godt utgangspunkt for drøfting.

For å oppretthalde og vidareføre miljø- og folkehelse-fokuset i tråd med ny plandel i plan- og bygningslova (t.d § 3-1), bør samfunnsdelen konkret diskutere folkehelse-problematikk. Dette i forhold til kva folkehelse er (definisjon) og korleis dette perspektivet konkret kan leggjast vekt på i det planarbeid og de aktivitetar som utledast av samfunnsdelen.

Folkehelse famnar vidt; alt frå demografi til levekår og universell utforming, oppvekstmiljø for barn og unge, holdningsskapande arbeid, tilrettelegging for auka fysisk aktivitet og vektlegging av inkludering.

<i>Postadresse</i>	<i>Besøksadresse</i>	<i>Telefon</i>	<i>Telefaks</i>	<i>E-post</i>	<i>Internett</i>
Postboks 2844 3702 SKIEN	Fylkesbakken 8-10 3715 SKIEN	35917000 35917322 (dir.)	35917001	post@t-fk.no	www.telemark.no

Når det gjeld universell utforming har helsedirektoratet ei eiga heimeside:

<http://www.helsedirektoratet.no/deltasenteret>

Vi legg ved ein utskrift av kommunebarometeret for Kviteseid. Som kommunebarometeret syner, er det ein del konkrete utfordringar knytt til kommunen. Dette er utfordringar som bør diskuterast og konkrete løysingar bør med i planforslaget. Viktig i denne samanheng er dei demografiske utfordringane, spesielt knytt til eldre og innvandrar. Fleire leveår med god helse i befolkninga og reduserte helseforskjellar blant kommunens innbyggjarar er døme på konkret målformuleringar. Kan hende tilrettelagde bustader for eldre og PU-bustader kan nyttast i større grad i staden for dyre sjukeheims plassar?

Lenka til kommunebarometeret er her:

<http://www.helsedirektoratet.no/kommunehelseprofiler>.

I ein god planprosess er medverknad eit stikkord, jf. pbl § 5-1. For å sikre planen sin kvalitet må kommunen syte for at fagfolk frå alle dei kommunale sektorane trekkast med. Kommunelegen, helsesøster, tannhelsetenesta, barnehage og skule er døme på viktige sektorar/personar som bør involverast i planarbeidet. Og ungdom og frivillig sektor bør involverast.

Vi legg og ved ei sjekkliste som eit hjelpemiddel til folkehelse temaet. Sjekklista, saman med helseoversikter, eksisterande befolkningsundersøkingar og ein bred medverknad frå kommunale spesialistar, vil til saman gje eit godt grunnlag for at samfunnsdelen blir eit egna reiskap for å møte dei helseutfordringar kommunen står overfor i dei komande åra (jf samhandlingsreforma).

Vi legg og ved eit nytt hefte om kommunal planstrategi. Her diskuterast mellom anna folkehelseperspektivet ("Helseoversikter og påvirkningsfaktorer" av Anne-Karin Andersen).

Under punkt 5.4, Lokale utfordringar for Kviteseid kommune, er Kultur og fritid og Matproduksjon, miljø og arealbruk to tema som skal utgreiast. Her kan kulturminne (både automatisk freda og nyare tids) og kulturlandskap trekkjast inn. Formidling av kommunens kulturminne og kulturelle særtrekk vil vere med på å skape ei kjensle av tilhøyr og identitet, og danne grunnlag for nyskaping.


Det er viktig å oppfatte kulturminne som ein ressurs, og vurdere korleis desse kan nyttast innfor satsingsområde som reiseliv, utdanning, fysisk miljø, marknadsføring, utvikling av attraktive tettstader og identitetsskaping i kommunen. Kulturminne som utgangspunkt for turstiar med meir kan knytast opp mot mellom anna folkehelse, lokal verdiskaping og næringsutvikling.

Eit anna viktig tema er næringsutvikling. Det er gjort mange analyser som kan/bør danne eit grunnlag for diskusjon. Eit av dei nyaste arbeida er Telemarksforskning sin "Næringsanalyse for Telemark 2009". Rapporten er utarbeida av Knut Vareide (TF-notat nr. 40/2009).

Eit tilbakevendande problem er korleis man i praksis kan sette i verk dei gode intensjonane som vert tatt opp i samfunnsdelen. Det er sjølvstg ingen fasit på dette, men konkretisering i kommuneplanen sin arealdel/kommunedelplanar samt vidare forankring i økonomiplan kan sikre at intensjonane blir gjennomført.

Vi ønskjer lykke til med det vidare arbeidet.

Med helsing



Torbjørn Landmark
rådgjevar - Areal og transport
torbjorn.landmark@t-fk.no

Sakshandsamarar: Torbjørn Landmark, Ambjørg Reinsnos, Anne Karin Andersen

Vedlegg: Kommunebarometer Kviteseid
 Kommunal Planstrategi – hefte
 Sjekkliste – helse i plan

Kopi til: Fylkesmannens miljøvernnavdeling, Postboks 2603, 3702 Skien
 Statens vegvesen Region sør, Serviceboks 723, 4808 Arendal